

Bjørnafjorden Senterparti

Vedtak om formell advarsel

I brev datert 26. september 2025 varsla Partilovnemnda om mogleg vedtak om formell åtvaring eller avkorting, fordi Bjørnafjorden Senterparti rapporterte inn bidrag frå Senterpartiets Studieforbund etter fristen fastsett i partilova § 18 fjerde ledd. Partifinansiering.no viser at Bjørnafjorden Senterparti har mottatt kr. 18 560 frå Senterpartiets Studieforbund, der følgjande bidrag er rapportert for seint:

- kr 6 600 mottatt 27. juni 2025, rapportert 5. september 2025 – altså 42 dagar etter fristen
- kr 3 200 mottatt 1. juli 2025, rapportert 5. september 2025 – altså 37 dagar etter fristen
- kr 2 400 mottatt 1. juli 2025, rapportert 5. september 2025 – altså 37 dagar etter fristen

Merknader frå partiledet

I brev til Partilovnemnda den 30. september 2025 skriv leiar i Bjørnafjorden Senterparti:

«Me viser til brev - ref. 2025/3864/347 – dagsett 26.9.2015 om «Varsel om mulig vedtak for brudd på partiloven».

De skriv her at bidrag «mottatt mellom 1. januar og fredagen før valgdagen i et valgår /... / skal rapporteres innen 28 dager etter at de er mottatt, og senest innen siste fredag før valgdagen.»

Pengane me mottok frå Senterpartiets studieforbund på til saman kr 18.560 vart rapportert fredag 5.9.2025, slik det står i brevet.

I brev frå Terje Risberg i SSB er slik formulering nytta:

«Stortingsvalget 2025 nærmer seg. SSB viser til epost sendt alle partiledene 8. januar, og vil med denne dette minne om den plikten som påligger alle partiled av de registrerte politiske partiene om å innrapportere alle bidrag som partiet eller partiledet mottar frem til siste fredag før valgdagen (dvs frem til 5. september 2025), jf Partiloven §18 (4).»

Likelydande tekst er også sendt ut frå Senterpartiets studieforbund.

Vi har oppfatta teksten som klar, at det er rapporteringsplikt innan siste fredag før valdagen. Vi ser i ettertid at vi skulle lese lovteksten og ikkje sett lit til informasjon utsendt frå SSB og Senterpartiets studieforbund.

Vi endrar sjølv sagt rutinane våre for å forsikre oss om at dette ikkje kan skje att.

Partilovnemndas vurdering

Ei av Partilovnemnda si oppgåver er å treffe vedtak om forvaltningssanksjon når et parti eller partiledd har brote reglane i partiloven § 18 fjerde ledd.

Korrekt rapportering og publisering av bidrag i valår er særleg viktig for å oppnå lova sitt føremål om openheit kring finansieringa av politiske parti. Manglande kunnskap om regelverket eller svikt i interne rutinar vert ikkje godteke som orsaking for brot på lova. Det er partiet eller partileddet sitt ansvar å organisere verksemda si slik at regelverket vert følgt.

Partileddet hevdar at Statistisk sentralbyrå (SSB), som hjelper partia med rapportering av bidrag, ikkje informerte om fristen på 28 dagar for innrapportering i valår. Nemnda gjer partileddet merksam på at det sjølv har plikt til å sette seg inn i dei pliktane som følgjer av lova. SSB opplyser i e-post til nemnda den 6. oktober 2025 at dei jamleg gir informasjon på e-post til alle partier og partiledd om pliktene etter partilova § 18 fjerde ledd, og at første påminning vart sendt allereie 8. januar 2025.

Partilovnemnda vurderer at partileddet har hatt tilstrekkeleg med informasjon til å kjenne omfanget av pliktane etter §18 fjerde ledd i partilova og vurderer at brotet bør føre til ei formell åtvaring. Åtvaringa inneber ein prøvetid på to år frå vedtakstidspunktet. I prøvetida kan nye brot på partilova eller forskrifta bli sanksjonerte strengare enn det som elles ville vore praksis for tilsvarande brot. Dette kan inkludere avkorting i den statlege partistøtta.

Med heimel i partilova § 24 andre ledd, jf. § 28 og § 18 fjerde ledd, gjer Partilovnemnda følgjande einstemmige vedtak:

Vedtak:

Bjørnafjorden Senterparti får formell åtvaring.

Åtvaringa gjeld i to år med verknad frå vedtaksdatoen.

Vedtaket frå Partilovnemnda kan ikkje påklagast, men kan bringast inn for domstolane som kan prøve alle sider ved vedtaket, jf. partilova § 28 andre ledd.

For Partilovnemnda

Ragna Aarli
Leder

Daniel Giske
Sekretariatsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi: Vestland Senterparti